

PÅ SKJERMEN:	I TIMEN:
	<p>Introduser temaet og start med å sjå musikkvideoen <a href="#">Følelser er bra å ha - YouTube</a>. Denne kan de godt sjå fleire gongar i løpet av månaden. Kanskje vil de lære å synge den eller lage bevegelsar til den også? Den kan også strøymast frå Spotify og liknande.</p>
	<p>Sjå på teikningane og sjå om de kan klare å finne ut kva følelsar figurane er og kva følelsar barna har.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Korleis kan vi sjå kva følelsar andre har?</li> <li>• Korleis kan vi legge merke til egne følelsar?</li> </ul>
<p><b>Er det forskjell på korleis jenter og gutar har følelsar?</b> Vel ein av, eller sjå begge desse filmene og jobb med spørsmål etter dei.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• <a href="#">Være venner – 7. episode (Sesong 1) – NRK TV</a></li> </ul> <p>Set på pause når den første slutten kjem og snakk saman:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>❖ Kva ulike følelsar har vi sett at Gabriel har hatt til no? Kvifor fekk han desse følelsane?</li> <li>❖ Kva kunne nokon gjort annleis for at ikkje alt skulle bli så dumt?</li> </ul> <p>Sjå resten av episoden og snakk saman:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>❖ er elevane fornøgd med den nye slutten? Kva gjorde dei forskjellige som førte til betre følelsar hos andre?</li> <li>❖ Det vi seier og gjer kan gi andre gode eller dårlege følelsar!</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Sjå <a href="#">Tema - Psykisk helse – 2. Trist (Sesong 7) – NRK TV</a></li> </ul> <p>Snakk saman:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>❖ faren seier at store gutar ikkje gret – stemmer det?</li> <li>❖ Faren sei også at jenter ikkje likar gutar som grin – kvifor seier han det?</li> </ul>	
	<p><b>Alle kan gråte!</b> Fortel elevane at det tidlegare var vanleg å sei til gutar at dei ikkje skulle vise når dei var triste eller redde. Gutar skulle vere tøffe. Dei kunne vise sinne og positive følelsar, men andre følelsar skulle dei skjule. Mange som er fedre og bestefedre i dag har blitt lært opp sånn. Men alle menneske får alle typar følelsar.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvifor er det viktig at også gutar får gråte og vise at dei er triste eller redde?</li> </ul> <p>(Gråt er ein naturleg reaksjon frå kroppen når vi er veldig triste, og gjennom å gråte kan vi også få omsorg frå andre fordi dei forstår at vi er triste. I tillegg kan gråten i seg sjølv virke trøystande for oss, så lenge vi seier til oss sjølv at det er greitt å gråte, og ikkje er flau for å gjere det).</p>
	<p>Opne boksa som heiter «Til læraren» og finn instruksjonane der til kva de skal gjere.</p>
	<p>Sjå denne filmen og vel ei av oppgåvene under alt ettersom kva nivå klassa er på I engelsk no <a href="#">Feelings   Emotions song   Children, Kids and Toddlers music for kindergarten   Patty Shukla - YouTube</a></p>
	<p>Sjå på bildet saman og prøv å finne ut kven som har dei ulike følelsane.</p>
	<p>Trene på å snakke om følelsar på engelsk. Gå igjennom dei ulike følelsane på engelsk og les høgt saman. På siste bildet kan elevane få trene med kvarandre på å spørje og svare. Dei kan utvide samtalane om dei klarer det.</p>